



Utlodningen er eit høgdepunkt under årsmøtet og her er trekninga igang med Leif Flaten, Gudvin H. Volden, Øystein Skjæveland og Bjørn Helge Skåle som deltakarar.

**Kvinnherad Småbrukarlag heldt i kveld årsmøtet sitt i KV-lokala i Uskedalen og i årsmeldinga vart det slege fast at medlemstalet har vore stabilt i fjor og no er 45. Medlemene er spreidd rundt i heile kommunen og dei aller fleste driv aktivt jordbruk.**

I styret takka skrivar Øystein Skjæveland frå Herøysund for seg og Jarle Vaage frå Løfallstrand vart nytt styremedlem.

Leif Flaten frå Sunde som har vore leiar held fram i styret og det gjer og Bjørn Helge Skåle frå Rosendal som også vart attvald. Einar Johan Tvedt frå Omvikdalen og Gudvin H. Volden frå Rosendal var ikkje på val.

Vara er Helga Fossheim frå Seimsfoss og Bergljot Bruåsdal Hesvik frå Rosendal. Styret konstituerar seg sjølv.

Ein kvinnhering sit i styret for Hordaland Bonde- og Småbrukarlag - det er Siri Teigland.

Av årsmeldinga gjekk det ellers fram at laget har vore med på aksjonar i samband med brotet i jordbrukstingingane sist vår. Laget hadde pressemelding i samband med at oppgjeret skulle opp i Stortinget. Laget hadde sist vinter studiesirkel om

jordbrukstingingane.

Rekneskapen synte at laget har 11 319 kroner på bok etter eit  
overskot på 4 826 sist år.  
Under årsmøtet kåserte Leif Flaten om ein tur til Italia i fjor haust.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Siri Teigland sit i fylkesstyret